

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

### Tidleg innsats



### Ørsta Kommune

**Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS**

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

# Forord

---

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; «Tidleg innsats- Ørsta kommune».

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

*” (...)Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon).*

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheiter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemd, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil vidare takke kommuneadministrasjonen for bistand, tilrettelegging og godt samarbeid med prosjektet.

Ulsteinvik 12.10.17

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

## Innhald

SAMANDRAG .....	5
Barnehagane i kommunen: .....	5
Skulane i kommunen: .....	5
PPT: .....	5
Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen? .....	6
Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov? .....	7
Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift? .....	8
Anbefalingar .....	8
1    INNLEIING .....	9
2    Målsetting og problemstilling .....	9
3    Revisjonskriterium .....	9
3.1 Innleiing .....	9
3.2 Kjelder til kriterium .....	9
4    Metode og gjennomføring .....	10
4.1 Dokument .....	10
4.2 Verifisering av data .....	11
4.3 Avgrensing .....	11
5    Seksjon skule og seksjon barnehage – Ørsta kommune .....	11
5.1 PPT .....	11
5.2 Grunnskulen .....	12
5.3 Barnehage .....	12
6    Problemstilling 1 .....	12
6.1 Revisjonskriterium .....	12
6.1.1 Opplæringslova med føringar: .....	12
6.1.2 Barnehagelova: .....	14
6.2. Fakta: Barnehagane i kommunen: .....	15
6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen .....	15
6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen .....	16
6.2.3 Minoritetsspråklege barn .....	17
6.3 Vurdering: Barnehagane i kommunen .....	18
6.4 Fakta: Skulane i kommunen: .....	18
6.4.1 Nasjonale prøver .....	18
6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen .....	19
6.4.3 Leksehjelp .....	20

6.5 Vurdering: Skulane i kommunen: .....	21
6.6 Kommunen sitt arbeid knytt til tidleg innsats: .....	21
6.6.1. Fakta .....	21
6.6.2 Vurdering .....	23
6.7 Skriftelege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule: .....	24
6.7.1 Fakta .....	24
6.7.2 Vurdering .....	26
6.8 Sakkunnige vurderingar og enkeltvedtak i barnehage og skule .....	27
6.8.1 Fakta .....	27
6.8.2 Vurdering: .....	28
6.9 Konklusjon: .....	28
7 Problemstilling 2 .....	29
7.1 Innleiing: .....	29
7.2 Revisjonskriterium: .....	29
7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule .....	29
7.2.2 Oppsummert: .....	30
7.3 Fakta: .....	30
7.3.1 Overgangsplan mellom barnehage og skule .....	30
Vurdering: .....	32
7.3.2 Samarbeid mellom barnehage og skule. ....	32
Vurdering: .....	33
7.3.3 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette .....	33
Vurdering: .....	34
7.4 Konklusjon .....	34
8 Problemstilling 3 .....	35
8.1 Revisjonskriterium: .....	35
8.2 Fakta: .....	35
8.2.1 Organisering .....	35
8.2.2 Tilvisingar .....	36
8.2.3 Ventetid og venteliste .....	37
8.2.4 Sakshandsamingstid (sakkunnig vurdering) .....	37
8.3 Vurdering: .....	38
8.4 Konklusjon .....	38
9 Anbefalingar .....	39
10 Rådmannen sin kommentar .....	40
11 Revisjonen sin kommentar .....	41

## SAMANDRAG

Kontrollutvalet i kommune gjorde i sak 08/17 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. «Tidleg innsats» betyr at ein skal sette i verk tiltak for ein elev med ein gong det er behov for det, og når som helst i skuleløpet. Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette i form av tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk eller samisk og matematikk og innsatsen skal rettast mot elevar som har svake ferdigheiter i lesing og rekning.

Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og kjem tidleg i gong med tilrettelagt undervisning og evt. spesialundervisning i grunnskulen.

### Barnehagane i kommunen:

KOSTRA-rapportering viser at kommunen har venteliste på barnehageplass. KOSTRA-tal viser og ein høg andel tilsette med barnehageutdanning og ein mindre del med ped.leiar utdanning.

Ørsta brukar over gjennomsnittet i høve driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen, men under fylkes- og landsgjennomsnittet i høve andel barn som får ekstra ressursar (10,3%). Dette kan tyde på at andel barn som får ekstra ressursar er meir ressurskrevjande i høve fylkes- og landsgjennomsnittet. Ørsta hadde saman med Vanylven den lågaste andelen når det gjaldt andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre.







### Skulane i kommunen:

7,3% av elevane i Ørsta tok i mot spesialundervisning i 2016, ei auke frå 2015 då 6 % av elevane fekk slik undervisning. Det er ein større andel elevar med spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen enn i småskulen, og denne tendensen gjeld dei fleste kommunane på Søre Sunnmøre.







### PPT:

PPT Ørsta/Volda vart oppløyst 31.08.2017, då både Ørsta og Volda vart ein del av det interkommunale PPT med Ulstein som vertkommune.

## Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?

	Revisjonskriterium		Kommentar
1	PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilvising til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.		Tilbakemelding frå barnehagar og skular viser at PPT tidlegare i svært liten grad har gjennomført førebyggjande og systematisk arbeid i skulane og barnehagane i kommunen. Tilbakemeldingane frå einingane viser at det nye PPT no skal ha mykje meir fokus på systemretta og førebyggjande arbeid.
2	Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klasstrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elvar med svake ferdigheiter.		Skulane får tildelt økonomiske rammer utarbeida av oppvekstkontoret. Ein del av ressursane som vert tildelt skal nyttast opp i mot tidleg innsats/styrking i klasse og spesielt mot 1.-4. klasse Skulane har felles kartleggingsverktøy (SOL) for å sikre at elevar vert fanga opp tidleg mht. leseutvikling.
3	Det skal også leggjast til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.		Kommunen har utarbeida felles skriftlege rutinar i høve saksgangen knytt til spesialpedagogisk hjelp, men desse var i liten grad implementert/ nytta ut på einingane revisjonen var i kontakt med. Det blei lagt til rette for spesialpedagogisk hjelp i dei barnehagane ein kontrollerte.
4	Skulen skal prøve ut tiltak for å gi eleven tilfredstillande utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT for sakkunnig vurdering/tilråding av opplæringstiltak og eventuelt enkeltvedtak om spesialundervisning.		Skulane hadde felles skriftleg prosedyre før tilvising til PPT. Alle skulane revisjonen var i kontakt med informerte om at prosedyrane blei nytta aktivt.
5	Barnehagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.		Barnehagar og skular beskriv samarbeidet siste åra som utfordrande med svært lang venteliste og lang sakshandsamingstid frå tilvising til sakkunnig vurdering låg føre. Einingane håpar at det nye interkommunale PPT tek raskt tak i alle enkeltsakene i kommunen som blei avslutta i samband med flytting av kontoret, slik at ein får fatte enkeltvedtak på dei borna som har krav på det.
6	Kommunen skal sørgje for minimum 8 timar pr veke gratis leksehjelp for elevar. Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.		Ørsta har det tidlegare tilbydd leksehjelp i 1.-4. klasse med 2 timar i veka. Kommunen er no i ein overgangsprosess der ein skal tilby elevar i 5.,7.,8. og 9. klasse 2 timar i veka. Kommunen har tidlegare, og vil med den nye ordninga tilby til saman 8t/v.

## Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?

	Revisjonskriterium		Kommentar
1	Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synleggjør premissene for overgang mellom barnehage og skule.		Kommunen har utarbeida ein skriftleg felles overgangsplan mellom barnehage og skule, men denne er ikkje tilfredstillande implementert på alle einingane og bør oppdaterast/reviderast. Dette arbeidet bør gjerast i eit samarbeid mellom sektor for barnehage og sektor for skule. Ein har fått opplyst at førebuing til ny plan er i gong.
2	Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).	 	Tilbakemeldingane frå einingane viser stor variasjon i samarbeidet mellom barnehage og skule der enkelte beskriv samarbeidet som godt, medan andre beskriv samarbeidet som utfordrande, der ein i svært liten grad hadde samarbeid.  Kommunen har sett i verk tiltak som bl.a. skriftlege rutinar mht. overgang, foreldremøter/foreldresamtaler, møter mellom rektor og styrar og bli kjent dagar på skulen.  Tilbakemelding frå einingane viser at det er store forskjellar i kva arbeid/aktivitetar som vert gjennomført i overgangsarbeidet mellom barnehage og skule og kommunen bør setje i verk tiltak slik at overgangsplanen vert følgt.  Både barnehagar og skular gav tilbakemelding om at dei ønska eit tettare samarbeid. I samband med førskulearbeidet og samarbeid mellom einingane bør kommunen vurdere om det er hensiktsmessig at komande kontaktlærar i større grad vert involvert i førskulearbeidet. Regelmessige fellessamlingar mellom pedagogane i skule og barnehage kan også bidra til eit tettare samarbeid.
3	Alle barn bør få eit tilfredstillande møte med skulen.		I plan for overgang går det fram at oppvekstkontoret skal sende barnetalslister til skulane og at skulane sender invitasjon i høve førskuledag til foreldre og føresette med kopi til barnehagane. Oppvekstkontoret og skulane har derfor eit ansvar for å fange opp dei borna som ikkje går i barnehage.
4	Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring.	 	Det går fram av kommunen sine skriftlege rutinar at barnehagen skal innhente samtykke. Kommunen har også utarbeidd samtykkeskjema.  Alle barnehagane gav tilbakemelding på at det vert innhenta samtykke ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule. Kommunen bør vurdere om skjemaet bør innehalde meir konkrete detaljar over kva informasjon som vil bli overført jfr. ny personlov.

### Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstillar PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

	Revisjonskriterium		Kommentar
1	PPT si sakkunnige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilvising av barnet til PPT.		<p>I Ørsta kommune har ein fått tilbakemelding frå skulane og barnehagane at det over mange år har vore lang venteliste og sakshandsamingstid. Venteliste på opp til 6-7 månadar i skulen og over 12 månadar i barnehagane. Deretter ei sakshandsamingstid på over 3 månadar (skuleåret 15/16).</p> <p>Det er forventning til at nytt felles PPT-samarbeid saman med Hareid og Ulstein, vil føre til endringar. Ein del av dei gamle sakene er lukka, andre saker har status som opne. Skulane og barnehagane må ta opp alle saker med PPT i tiltaksmøte, slik at det kan avgjerast kva bistand som bør ytast i dei ulike sakene.</p> <p>Det er viktig at det nye PPT så raskt som råd startar arbeidet knytt til kartlegging og sakshandsaming slik at dei elevane og born i barnehagen som treng enkeltvedtak får dette så raskt som råd.</p>

### Anbefalingar

- Ørsta kommune har lange ventelister i høve tilvising til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av saker, både på system- og individnivå.
- PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT bør støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge.
- Det er få felles rutinar/retningslinjer mellom seksjonane for skule og barnehage. Kommunen bør jobbe mot eit betre samarbeid mellom dei to seksjonane i høve felles retningslinjer og rutinar mht. kartlegging og førebyggjande arbeid i høve tidleg innsats.
- Kommunen har utarbeida ein skrifteleg overgangsplan mellom barnehage og skule, men denne er ikkje tilfredsstillande implementert på alle einingane og bør oppdaterast/reviderast. Dette arbeidet bør gjerast i eit samarbeid mellom sektor for barnehage og sektor for skule.
- Kommunen bør vurdere om ein i større grad enn tidlegare skal involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
- Kommunen har utarbeide felles rutinar for saksgang knytt til spesialpedagogisk hjelp i barnehagen, men desse var ikkje tilfredsstillande implementert på alle einingane og bør oppdaterast/reviderast.
- Kommunen bør vurdere korleis det ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass.



## 1 INNLEIING

Kontrollutvalet i kommune gjorde i sak 08/17 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar for å yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar, og kome tidleg i gong med spesialundervisning/ tilrettelagt undervisning i grunnskulen. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse kring emnet der ein bl.a. har sett på omfang av spesialpedagogisk undervisning, kompetanse og tiltak i barnehagar, og resultat frå nasjonale prøver. Ein har i den samanheng samanlikna dei ulike kommunane på Søre Sunnmøre.

## 2 Målsetting og problemstilling

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet er det utarbeida følgjande problemstillingar:

1. Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?
2. I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?
3. I kva grad tilfredstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

## 3 Revisjonskriterium

### 3.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

### 3.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriteria i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- **Opplæringslova:**  
Opplæringslova regulerer all opplæringsverksemd samt spesialundervisning for barn, unge og vaksne. Den gjeld alle barn i opplæringspliktig alder, også dei som ikkje kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.
- **Barnehagelova:**  
**17 juni 2016 fekk barnehagelova tilførd eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp.**  
Det går fram av §19 a. Rett til spesialpedagogisk hjelp. At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlege behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

- **Rettleiar: Overgang for barn og unge som får spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.**

Barnehagen og skulen skal i samarbeid legge til rette for overgangen frå barnehage til første årstrinn og eventuelt til skulefritidsordninga. Dette skal skje i et nært samarbeid med heimen. Barnehagen og skulen bør ha ein god dialog og informasjonsutveksling, og det bør leggest til rette for at barn kan ta avskjed med barnehagen på en god måte, glede seg til å starte på skulen og oppleve at det er en samheng mellom barnehage og skule. Rettleiaren gir detaljert informasjon om korleis denne samhandlinga bør skje, og korleis foreldre/førestette bør involverast.

- **Forvaltningslova:**

Det går fram av forvaltningslova §1 at lova også gjeld for spesialundervisning. Lova omfattar mange sider av sakshandsaminga. Men i forhold til prosjektet er det spesielt teke utgangspunkt i kapittel 4 Om «*saksforberedelse ved enkeltvedtak*».

Då spesielt med omsyn til foreldra sin rett til innsyn og involvering i dokumentasjons-overføringa mellom barnehage og skule.

Revisjonskriteria vert vidare omtalt og utgreia i eige avsnitt under kvar enkelt problemstilling.

## 4 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. Vi vil basere oss på analyse av relevante dokument, rutinar, korrespondanse, samt samtaler/ intervju med administrasjonen (PPT, skuleleiinga, og barnehagestyrarar). Ein viktig del av revisjonen vil også vere å gjennomføre ei spørjeundersøking/kartlegging til rektorane og barnehagestyrarane for å vurdere korleis barna i kommunen med behov for spesialpedagogisk hjelp vert fanga opp mht. tidleg innsats.

I tillegg er det gjennomført ei samanlikning av nøkkeltal mellom dei ulike kommunane mht. tidleg innsats i barnehage og skule. Tala er henta frå KOSTRA og «skoleporten» (utdanningsdirektoratet) og GSI.

### 4.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er:

- Interne rutinar PPT
- Interne rutinar skule og barnehage

## 4.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, sendt over til rådmannen for uttale 06.11.17. Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

## 4.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er knytt opp i mot tidleg innsats innan barnehage og skule. Sentrale lover er barnehagelova og opplæringslova med tilhøyrande forskrifter og rettleiarar. Gjennomgang av tilpassa opplæring og korleis denne blir gjennomført er ikkje ein del av prosjektet. Det inngår heller ikkje å vurdere sakshandsaminga i forbindelse med spesialundervisning. Det er barnehage og skule som er sentralt i denne forvaltningsrevisjonen og som har fokus, og ein har valt og halde helsetenester, barnevern og andre tenester utanom.

# 5 Seksjon skule og seksjon barnehage – Ørsta kommune

## 5.1 PPT

Ørsta har tidlegare hatt felles pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) i samarbeid med Volda kommune Eininga hadde i 2015 ein stillingsplan som omfatta 9 årsverk. Denne eininga er i dag oppløyst og kommunen har frå 01.08.2017 inngått samarbeid med fellestenesta for Hareid og Ulstein i eit nytt interkommunalt samarbeid mellom dei 4 kommunane og med Ulstein som vertskommune. Dette samarbeid vart operativt frå same dato, og. På Søre Sunnmøre har Sande/Vanylven felles PP-teneste, og Herøy kommune har eiga teneste. Tenesta er heimla i opplæringslova § 5-6, og lova slår fast at PPT er kommunen/fylkeskommunen sitt sakkunnige organ når det gjeld spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.

Samarbeidet mellom Ørsta og Volda strekk seg tilbake til 1990 -talet og det har vore forskjellig organisering opp gjennom åra, og kommunane har veksla på å ha administrasjonen. Skulekontoret opplyste om at PPT-eininga har hatt kapasitetsproblem i lang tid p.g.a permisjonar, sjukmeldingar og rekrutteringsproblem. Sjå kapittel 8 for meir informasjon om PPT.

### Årsmelding 2016

Av årsmeldinga 2016 går det fram: PPT vart overført til seksjon skule 01.07.2015, 2016 er såleis første fulle driftsåret under seksjonen skule og dermed første året PPT er med i årsmeldinga til Ørsta kommune.

*I 2016 har talet på personar på venteliste variert mellom 16 og 41. Vi har ikkje nøyaktige tal på kor lang ventetida er. Her må tenesta til ei kvar tid prioritere mellom alvorlege saker som hastar og saker av meir generell art, som t.d. lese- og skrivevanskar, matematikkvanskar og åtferd. I nokre tilfelle tek det også tid å få inn nok informasjon frå einingane til å kunne starte*

sakshandsaming. På saker som ikkje får status som hastesaker, var ventetida ved årsskiftet om lag 6 mnd, men har tidlegare i nokre få einskildsaker vore oppe i 8 månader. Dette gjeld saker som vart tilmeldt seint på våren skuleåret 2015/16, og som låg på rådgjevar som slutta.

Seksjon skule har gjort sitt yttarste for å auke kapasiteten ved å lyse ut stillingar opp til fleire gongar, flytta fire tilsette inn i tenesta i deltidstillingar skuleåret 2016/17. Ein hadde også vore i kontakt med alle PPT på Sunnmøre og Nordfjord for å høyre om dei hadde kapasitet til å leige ut PP-tenester, med negativt resultat.

## 5.2 Grunnskulen

Ørsta kommune har 4 reine barneskular (1.-7. trinn) to kombinerte skular (1.-10. trinn) og ein rein ungdomsskule. Det er SFO-ordning ved alle skular med barnetrinn. Kommunen hadde 920 elevar på 1.-7. trinn og 424 elevar på 8.-10. trinn.

## 5.3 Barnehage

Barnehagane i Ørsta er organisert i eigen seksjon, med seksjonsleiar for sju kommunale og fire private barnehagar. SSB-tal viser at 602 born gjekk i barnehage i 2016. 355 av dei gjekk i kommunal barnehage og 247 gjekk i privat.

# 6 Problemstilling 1

**Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**

- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommunen på dette området?

## 6.1 Revisjonskriterium

### 6.1.1 Opplæringslova med føringar:

#### § 1-3. Tilpassa opplæring og tidleg innsats

*Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære-kandidaten.*

*På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.*

PPT er ei lovpålagt teneste for kommunane (opplæringslova § 5-6 PPT sitt virkeområde går bl.a. på kunnskapsdepartementet sine sider at:

*«PP-tjenesten gir systemrettet støtte til barnehager og skoler i form av råd og veiledning om pedagogisk ledelse, gruppeledelse, læringsmiljø og spesialpedagogiske didaktiske spørsmål. PP-tjenesten skal også støtte barnehagen og skolen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringen bedre til rette for barn og unge med særlige behov.*

*PP-tjenesten gir individrettet støtte i form av sakkunnig vurdering i de tilfeller loven krever det.*

*PP-tjenesten kan bli spurt om råd i forhold til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder (§5-7), tidleg skolestart (§2-1, tredje ledd), utsatt skolestart (§2-1, tredje ledd), tegnspråkopplæring før opplæringspliktig alder, i grunnskolen og i videregående opplæring (§2-6., §3-9)....»*

All undervisning skal ifølgje opplæringslova vere tilpassa den enkelte eleven sine evner og føresetnader. Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld alle elevar, også elevar som treng ekstra utfordringar. Skolen skal aktivt ta omsyn til variasjonar blant elevane gjennom læringsmiljø, metodebruk og pedagogikk. (Utdanningsspeilet 2016, s 35).

Spesialundervisning, som er heimla i opplæringslova § 5-1, er ei meir omfattande form for tilpassa opplæring.

«Tidleg innsats» betyr at ein skal sette i verk tiltak for ein elev med ein gong det er behov for det, og når som helst i skuleløpet. Det er viktig og prioritere førebygging. Prinsippet om tidleg innsats er konkretisert i opplæringslova. Her har skulane ei lovfesta plikt til å legge til rette i form av tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk eller samisk og matematikk. Innsatsen skal rettast mot elevar som har svake ferdigheiter i lesing og rekning, der formålet er å styrke dei grunnleggande ferdigheitene i lesing og rekning på tvers av fag.

I seinare tid har det vore generelt fokus på betre tilpassa opplæring i den ordinære undervisninga, slik at elevane oppnår betre meistring og behovet for spesialundervisning kan reduserast .

I tillegg til føringane ovanfor går det fram i opplæringslova **13-7a. Plikt for kommunen til å ha tilbod om leksehjelp:**

*Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.*

*Tilbodet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.*

Det går vidare fram i føreskrift til opplæringslova at:

#### **§ 1A-1.Leksehjelp i grunnskolen**

*Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. opplæringslova § 13-7a, med til saman åtte timar kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.*

*Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.*

*Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast.*

*Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilbodet som gis.*

### **6.1.2 Barnehagelova:**

17 juni 2016 fekk barnehagelova tilførd eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp. Det går fram av §19 a. (Rett til spesialpedagogisk hjelp). At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlege behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

### **§1 Forskrift om pedagogisk bemanning**

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk bemanning.

Barnehagen skal minst ha én pedagogisk leder per 14–18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder per 7–9 barn når barna er under tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

### **§ 19 c. Pedagogisk-psykologisk tjeneste**

*Kommunens pedagogisk-psykologiske tjeneste er sakkunnig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal sørge for at det blir utarbeidet lovpålagte sakkunnige vurderinger.*

*Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge barnehagetilbudet for barn med særlege behov.*

### **Oppsummering**

- PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilvising til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.
- Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elvar med svake ferdigheiter.
- Det skal også leggast til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.
- Barnehagen og skulen skal prøve ut tiltak for å gi barnet/eleven tilfredstillande utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT for sakkunnig vurdering/tilråding av opplæringstiltak og eventuelt enkeltvedtak om spesialundervisning.
- Barneagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.

- Kommunen skal sørge for minimum 8 timar pr veke gratis leksehjelp for elevar. Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.

## 6.2. Fakta: Barnehagane i kommunen:

### 6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen

Ein del barnehagefaktorar er viktige med tanke på tidleg innsats. For å avdekke læringsutfordringar på eit tidleg tidspunkt er kompetanse og ressursar viktig. Ein har derfor sett på dekningsgrad mht. barnehageplass og pedagogtetheit i barnehagane.

**Tabell 1: Dekningsgrad i barnehagane 1.**

**Ørsta kommune, kommunane på Søre Sunnmøre, fylke og landsgjennomsnitt.**

2016	Ørsta	Ulstein	Vanylven	Herøy	Hareid	Volda	Sande	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	93,2	98,4	91,1	95,3	87,1	98,4	86,5	92,6	91,5
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	87,4	90,5	77,5	87,8	80,9	89,1	75	84	82,6
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	96,7	103,6	97,6	100	91,4	104,4	92	97,8	97,2

(kjelde KOSTRA)

Vi ser av tabellen ovanfor at Ørsta kommune låg akkurat over fylke- og landsgjennomsnittet i høve andel barn i alderen 1-5 år med barnehageplass og ca på gjennomsnittet i høve kommunane på Søre Sunnmøre. Ser ein vidare på andelen 1-2 åringar låg Ørsta over fylkesgjennomsnittet og landsgjennomsnittet, og ca på gjennomsnittet for kommunane på Søre Sunnmøre. I høve andel barn i alderen 3-5 år låg kommunen rett under gjennomsnittet for fylke og landet. Generelt ser vi at 13% av foreldre har borna heime i alderen 1-2 år, medan dei aller fleste av borna mellom 3-5 år gjekk i barnehage.

**Tabell 2: Dekningsgrad i barnehagane 2: Ørsta kommune i perioden 2010-2015.**

Ørsta	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	91	90,4	93,6	93,4	92,8	94,2	93,2
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	82,5	79,4	85,4	85,3	85,7	86,1	87,4
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	97,6	98,5	98,2	98,1	97,3	99,2	96,7

Tabell 2 viser utviklinga i dekningsgraden til kommunen i perioden 2010-2016. Ein ser mindre svingingar i perioden der kommunen hadde lågast dekningsgrad i 2011. For barn i alderen 1-5 år var dekningsgraden i 2011, 90,4%. I 2016 var andelen på 93,2%.

**Tabell 3. Barn på venteliste**

2016	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Barn med rett til barnehageplass på venteliste	:	:	:	4	:	:	8	135	2900

Tabellen viser andel barn med rett til barnehageplass på venteliste henta frå KOSTRA. Oversikta viser at Ulstein (4) og Ørsta (8) var dei einaste kommunane i Sjustjerna som har rapportert om venteliste i 2016.

**Tabell 4: Kompetanse blant dei tilsette i barnehagane:**

Ørsta kommune 2010-2016.

Ørsta	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	41,4	40,1	41,8	43	44,9	43,8	44,3
Andel ansatte med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	2	1,9	2,6	1,9	1	3,3	1
Andel styrere og pedagogiske ledere med barnehagelærerutdanning	97,1	97,1	94,5	97,2	100	95,9	94,7
Andel styrere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	0	7,7	7,7	0	..	7,7	..
Andel pedagogiske ledere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	3,5	1,8	1,7	1,7	..	3,3	3,2
Ansatte i alt alle barnehager	203	207	196	207	196	210	210
Ansatte i alt med barnehagelærerutdanning alle barnehager	84	83	82	89	88	92	93
Ansatte i alt med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder alle barnehager	4	4	5	4	2	7	2
Antall styrere alle barnehager	13	13	13	13	13	13	13
Pedagogiske ledere alle barnehager	57	55	60	59	57	61	63

Andelen tilsette med barnehagelærerutdanning har gradvist auka i perioden frå 41,4% i 2010 til 44,9% i 2014, i 2016 såg ein en liten nedgang til 44,3%. Ser ein dette opp i mot antal tilsette i barnehagane hadde 93 av 210 tilsette barnehagelærerutdanning i 2016.

Ser ein på tilsette med pedagogisk utdanning som oppfylte utdanningskravet til ped.leiar ser ein at dette auka frå 2% i 2010 til 3,3% i 2015, men redusert til 1% i 2016 og kommunen hadde 2 tilsette som oppfylte utdanningskravet og tilsaman 63 pedagogiske leiarar i alle barnehagane.

## 6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen

I KOSTRA går det fram informasjon om tilrettelagte tiltak gjennomført i barnehagen og går fram i tabellen nedanfor.

Funksjon 211 "Tilrettelagte tiltak" - Barnehagar	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015
Brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, alle barnehager	108 692	57 000	46 393	66 614	54 806	65 381	106 661	74 114	66 707
Korrigerte brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, kommunale barnehager	157 000	119 125	78 941	461 600	89 447	102 162	160 537	102 831	88 556
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (%)	9,8	20,8	18,1	16,7	22,3	13,4	10,3	15,6	16,4
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Kommunale barnehager (%)	12,2	17,8	14,2	7,5	28,8	15	11,5	17,1	19,8
Korrigerte brutto driftsutg. per barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser (f211) i komm. barnehage, konsern	1 413 000	953 000	..	1 154 000	424 875	472 500	731 333	463 543	487 863
Andel barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser, i forhold til alle barn i komm. barnehager	1,4	2,2	0	3	6,1	3,2	2,5	3,8	3,6



Oversikta viser at det er store forskjellar mellom kor mykje kvar enkelt kommune brukar på tilrettelagde tiltak til førskulebarn (både kommunale og private barnehagar). Det skal derimot nemnast at små barnegrupper kan gi stort utslag i kvar enkelt kommune. Vanylven og Ørsta hadde dei høgaste brutto driftsutgiftene til styrka tilbod til førskulebarn med hhv. 108 692 kr og 106 661 kr pr. barn. Dei andre kommunane hadde utgifter på mellom 46 000kr til 67 000kr, medan gjennomsnittet for fylket var 74 114kr.

Det er også interessant å sjå at utgiftsnivået generelt sett for alle kommunane er høgare i dei kommunale barnehagane enn i dei private. Dette kan tyde på at det vert nytta meir ressursar knytt til tiltak i dei kommunale barnehagane enn i dei private, men enkelte barn som treng ekstra store ressursar kan gjere store utslag i statistikken.

Tabellen ovanfor viser store forskjellar i andelen barn som fekk ekstra ressursar i førskulealder i dei ulike kommunane. Hareid og Sande hadde høgaste andelen med hhv. 22,3% og 20,8%. Medan Vanylven og Ørsta hadde den lågaste andelen med hhv. 9,8% og 10,3%. Herøy (18,1%), Ulstein (16,7%) og Volda (13,4%) låg rundt landsgjennomsnittet på 16,4%. Ein registreerte ikkje nokon samanheng mellom andelen born som fekk tiltak i kommunale barnehagar enn i dei private. I enkelte kommunar var det størst andel i kommunale barnehagar (Vanylven, Hareid, Volda og Ørsta) medan i Sande, Herøy, Ulstein var det størst andel i dei private.

Hareid og Sande hadde som nemnt ovanfor høgaste andelen med førskulebarn som fekk ekstra ressursar. Vanylven og Ørsta hadde lågast. Ser ein dette i samanheng med tabellen under kapittel 6.4.2 (spesialundervisning) hadde Hareid og Sande ein lågare andel elevar på ungdomsskulen som fekk spesialundervisning i forhold til nabokommunane og fylket . I Vanylven, Volda og Ørsta såg ein derimot lite tiltak i småskulen og ein høg andel elevar med spesialundervisning i storskulen og ungdomsskulen. Det er derimot ikkje gått nærmare inn på kva som er grunnen til dette, men isolert sett for kommunane på Søre Sunnmøre er det interessant sjå at dei kommunane som kjem i gong med tidleg innsats har ein reduksjon i andelen elevar med spesialundervisning i storskulen og ungdomsskulen i høve gjennomsnittet. Herøy følgjer derimot ikkje denne utviklinga, men det skal nemnast at dette kan skuldast at kommunen har hatt større fokus på tidleg innsats dei siste åra, og at elevane som no er på ungdomstrinnet er resultatet av tidlegare praksis.

### 6.2.3 Minoritetsspråklege barn.

Alle elevar har krav på tilpassa og differensiert opplæring ut frå eigne vilkår og behov. Ein skule basert på likeverd føresett at alle elevar får de same mogligheit til å utvikle seg. Minoritetsspråklege barn/elevar er barn som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk.

Auken i minoritetsspråklege barn kan gi ei utfordring for kommunane i høve å legge til rette og kunne gi dei den tilpassa opplæringa dei har krav på. Vi har derfor også sett på andelen minoritetsspråkelege barn i barnehage i dei ulike kommunane.

Minoritetsspråkelige barn 2015	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Andel minoritetsspråkelige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass	7,6	15,8	17	14,5	18,3	11,3	7,6
Andel minoritetsspråkelige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 0-5 år	63	59	91	76	66	93	63

Tabellen viser kor stor del av borna med barnehageplass som var minoritetsspråkelege. Ørsta og Vanylven hadde lågaste andel av kommunane med 7,6%. Hareid og Herøy hadde høgaste andelen med hhv. 18,3% og 17% , men Sande og Ulstein hadde også ein høg del med 14,5 15,8% og 14,5%. Volda hadde ein andel på 11,3 %.

### 6.3 Vurdering: Barnehagane i kommunen

KOSTRA –rapporteringa viser at kommunen hadde venteliste på barnehageplass. KOSTRA-tala viser ein høg andel tilsette med barnehageutdanning.

Ørsta brukar over gjennomsnittet i høve driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen, men under fylkes- og landsgjennomsnittet i høve andel barn som får ekstra ressursar (10,3%). Dette kan tyde på at andel barn som får ekstra ressursar er meir ressurskrevjande i høve fylkes- og landsgjennomsnittet. Ørsta hadde saman med Vanylven den lågaste andelen når det gjaldt andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre


### 6.4 Fakta: Skulane i kommunen:

#### 6.4.1 Nasjonale prøver


Innleiingsvis har vi sett nærmare på nokon data frå utdanningsdirektoratet si tilstandsvurdering av grunnskulen og samanlikna nabokommunane opp i mot kvarandre, samt opp i mot fylke- og landsgjennomsnitt. Vi har spesielt sett nærmare på resultat frå nasjonale prøver på 5 .trinn, då vi meiner at desse gir ein peikepinn på den læringa som har skjedd i 1.-4. klasse. Sidan desse kartleggingsprøvene blir gjennomført på hausten, seier dei lite om opplæringa på 5.trinn. Kartleggingsprøvene blir gjennomført i engelsk, lesing og rekning, og er delt inn i tre mestringsnivå :Mestringsnivå 1, som er lågast, mestringsnivå 2 er middels og mestringsnivå 3 er høgast.

**Figur 1: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17**


#### Engelsk. 5. trinn. Andel på mestringsnivå



Ørsta kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

**Figur 2: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17****Lesing. 5. trinn. Andel på mestringsnivå**

Ørsta kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

**Figur 3: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17****Rekning. 5. trinn. Andel på mestringsnivå**

Ørsta kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Eit moment som det ikkje er teke høgde for i tabellane ovanfor er fritaksprosenten for deltaking på prøvene for elevar som openbart ikkje vil få utbytte i læringssamanheng. For alle skuleåra låg det føre tal for engelsk, lesing og rekning. Generelt sett for dei tre prøvene viste dei fleste åra at omlag halvparten av elevane var på mestringsnivå 2 medan den andre halvparten fordelte seg på mestringsnivå 1 (25%) og 3 (25%).


#### 6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen

Med utgangspunkt i KOSTRA og GSI har ein sett på andel elevar som fekk spesialundervisning. Oversikta viser at 7,3% av elevane i Ørsta fekk spesialundervisning i 2016. Dette er ein auke frå 2015 der 6% av elevane tok i mot spesialundervisning. 7,3% er om lag på gjennomsnittet for nabokommunane, men under fylkes- og landsgjennomsnittet. Andel årstimar til spesialundervisning av totale lærartimar var 15,2% og under lands- og fylkesgjennomsnittet.

År 2016	Ørsta	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Herøy	Volda	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning	7,3	8,2	3,8	6,7	5,7	6,6	7,8	8,6	7,8
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	4,4	3,4	2	5,1	4,6	4,3	5,4	6,6	5,2
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	7,4	11,4	4,1	8,3	8,9	5,4	9,3	9,4	9,2
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	11,1	10,6	5,4	7	3,6	10,7	9,7	10,4	10,1
Andel timer spesialundervisning av antall læretimer totalt	15,2	10	11,3	19,3	21,8	16,2	25,3	18,8	17,5

### Spesialundervisning fordelt på klassetrinn:

Diagrammet nedanfor viser prosentandel av elevar som får spesialundervisning i småskulen, storskulen og ungdomsskulen. Ein ser tydeleg at Ørsta har ein større andel elevar med spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen, og dette er ein tendens i dei fleste kommunane, og ein ser ei auke i andel spesialundervisning i storskulen og på ungdomstrinnet samanlikna med småskulen.



Det kan vere fleire grunnar til at ein ser ein auke i spesialundervisning i forhold til klassetrinn. Ein grunn kan vere at spesialundervisninga ikkje har effekt, eller at ein ikkje kjem i gong med spesialundervisninga tidlegare.

### 6.4.3 Leksehjelp

Opplæringslova gir elevar i grunnskulen rett til leksehjelp. Kommunen skal tilby minimum åtte timar kvar veke og kommunen/skulen avgjer korleis dei åtte timane skal fordelast på dei ulike årstrinna. Nedanfor går det fram informasjon om korleis leksehjelp blir praktisert i kommunen. Ein har vore i kontakt med rektor på fire av skulane i kommunen og skulekontoret for å få eit innblikk i korleis ordninga fungerer.

Ørsta kommune hadde tidlegare leksehjelp frå 1. – 4. klasse (2 timar i veka) slik som det gjekk fram av tidlegare rettleiar. Etter at det blei opp til kommunen å avgjere korleis ein ville fordele timane på dei ulike klassetrinna har kommunen utarbeida ein plan for innføring av

leksehjelp i 5., 7., 8. og 9. klassetrinn 2 timar i veka. Dei elevane som fekk leksehjelpa 1. – 4. klasse får ikkje tilbod om leksehjelp etter den nye organiseringa og skulane som revisjonen har vore i kontakt med hadde ikkje tilbod om leksehjelp dette skuleåret p.g.a denne overgangsfasen. Ein har derfor ikkje fått informasjon om korleis leksehjelp vert praktisert, eller korleis informasjonsoverføring mellom skule og heim fungerer i høve leksehjelp. Skulekontoret har opplyst om at leksehjelpa vart gitt i eige lokale med eige personale uavhengig av SFO.

## 6.5 Vurdering: Skulane i kommunen:

Oversikta viser at 7,3% av elevane i Ørsta tok i mot spesialundervisning i 2016 dette er ein auke frå 2015 der 6 % av elevane tok i mot spesialundervisning. Ørsta har ein større andel elevar med spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen enn i småskulen, men denne tendensen er det i dei fleste kommunane på Søre Sunnmøre..

Skulane som revisjonen har vore i kontakt med hadde ikkje leksehjelp dette skuleåret, grunna ein overgangsprosess der ein flytta leksehjelpa frå 1.-4. klasse over til 5.,7.,8. og 9. klassetrinn. Revisjonen vurderer rettleiaren slik at skulen skal tilby 8 timar kvar veke og at skulen sjølv kan fordele timane mellom dei ulike klassetrinna. I Ørsta har ein derfor ei gruppe elevar som har fått leksehjelpa dei hadde krav på i småskulen (perioden 2011-2016) og derfor har kommunen skular som ikkje gjennomfører leksehjelp i år. Ved å tilby elevane 2 timar i veka over 4 klassetrinn oppfyller krava til utdaningsdirektoratet. Ein meiner derfor at kommunen har tilfredstilt krava i rettleiar i høve antal timar leksehjelp i veka.

Ei problemstilling ein ikkje har kontrollert er om leksehjelpa har vore organisert som ein del av SFO. Her vil revisjonen berre minne kommunen om at ein ikkje kan ta betalt for den tida eleven får leksehjelp etter forskrifta.

## 6.6 Kommunen sitt arbeid knytt til tidleg innsats:

### 6.6.1. Fakta

#### 6.6.1.1 Systemretta og førebyggjande arbeid i barnehage og skule.

Ein har hatt samtale med eit utval rektorar og styrarar ved skular og barnehagar samt skuleadministrasjonen i kommunen. I den samanheng har ein fått tilbakemelding på kva systemretta førebyggjande arbeid som blir gjennomført på dei ulike einingane og korleis PPT deltek ute på einingane i kommunen.

#### Tverrfagelig ressursteam:

Ørsta kommune har eit ressursteam for barnehagar og skular. Ressursteamet er eit ledd i kommunen si satsing på tidleg innsats for å oppdage og førebygge vanskar hos barn og unge og består føresette og representantar frå helsestasjonen, barnevernstenesta, PPT og aktuell skule/barnehage (dersom skule/ barnehage er del av saka). Dette er eit lågterskeltilbod til alle føresette, barnehagar og skular i kommunen der målet er å snu ei uheldig utvikling så tidleg som mogeleg. Føresette åleine eller skulane og barnehagane i samarbeid med

foreldre/føresette meld opp saker til ressursteamet der det blir satt av tid til kvar enkelt sak. Ein drøftar barne si utvikling og får rettleiing om kva tiltak som kan vere aktuelt å prøve ut, samt vurderer i fellesskap om tilvising/melding til aktuelle hjelpeinstansar er aktuelt.

Tilbakemelding frå skulane viser at dette ressursteamet har fungert i ca 3 år og at det i varierende grad har vore nytta av dei ulike einingane revisjonen har vore i kontakt med. Ein av grunnane til at enkelte einingar har nytta det i mindre grad er at fleire vel å gå direkte til dei instansane som ein vurderer som aktuelle (i hovudsak PPT). Ei anna utfordring som vert trekt fram er at enkelte føresette ikkje ønskjer å ta opp saker i dette teamet då tilbodet vert oppfatta som «overveldande» med så mange tenester samla for å diskutere barnet deira.

#### **Nettverk for spesialundervisning:**

Ørsta kommune har eit kommunalt nettverk for spes.ped.koordinatorane på skulane. Dei har møter ca 4 gongar i året (2 på haust og 2 på våren). I nettverket får spes.ped.koordinatorane utveksle erfaringar og kunnskap. Tilbakemelding frå rektorane var at deira pedagogar hadde nytte av nettverket.

#### **Øyremerka ressursar knytt til tidleg innsats i skulane:**

Skulekontoret dreg ut på dei ulike skulane seint på hausten (nov/des) for å få tilbakemelding på kva ressursar som trengs neste skuleår i samband med utarbeiding av budsjetttrammer. Ut frå tilbakemeldingane frå skulane utarbeidar dei ein fordelingsnøkkel og eit tilvisingsbrev for kvar enkelt skule. Ein del av dei ressursane som blir fordelt ut skal nyttast til styrking og tilpassa opplæring. Det er rektor ved kvar enkelt skule som på bakgrunn av fordelingsnøkkel fordeler ressursane på dei klassene/gruppene som er mest hensiktsmessig. Dermed har rektor kvart år ein pott som skal brukast på å styrke klassene mht. tidleg innsats/tilpassa opplæring og då spesielt 1.-4. klasse. Skulekontoret opplyste om at for 1.klasser med over 18 elevar har det siste to åra vorte ytt midlar knytt til eo ekstra pedagogstilling.

#### **Systemretta og førebyggjande arbeid på skular og barnehagar utført av PPT:**

På spørsmål om PPT gjennomfører systemretta og førebyggjande arbeid ute i barnehagane og skulane fekk ein stort sett tilbakemelding frå einingane at dette ikkje har vore gjort siste åra og at PPT sitt arbeid har vore hovudsakeleg vore knytt til sakshandsaming av tilviste individsaker. Det blei vidare utdjupa at p.g.a sjukmeldingar og vakansar i PPT hadde det ikkje vore tid og ressursar til å drive førebyggjande arbeid, men frå møte med den nye PPT hadde alle einingane inntrykk av at ein sentral del av arbeidet deira vil vere førebyggjande og systemretta tiltak. Einingane hadde også fått tilbakemelding om at PPT no er i ein omstillingsprosess og at det vil ta ei tid før ein får sette i gong med dette arbeidet.

Etter at PPT samarbeidet mellom Ørsta og Volda blei avvikla, blei alle tilvisingane som var sendt inn av skulane og barnehagane og som ikkje var handsama av førre PPT, kansellerte, og dei fekk beskjed om å ta opp sakene i tiltaksmøte med den nye PP-tenesta. Ein har fått tilbakemelding om at dette arbeidet no er i gong. Kommunen har dermed ein del

born/elevar som har venta lenge på utgreiing (over 8-10 månadar) for å finne ut om kva individ- og/eller systemtiltak som trengst. Sett i samanheng med at det nye PPT-samarbeidet har gitt beskjed om at det vil ta ei tid før dei har vanleg drift, er mange av styrarane og rektorane frustrerte pga desse sakene som no må takast tak i slik at ein kan få på plass enkeltvedtak på dei borna/elevane som treng det.

Alle einingane gav tilbakemelding om ein no hadde fått kontaktpersonar i nye PPT, og alle einingane som revisjonen har vore i kontakt med hadde hatt besøk av PPT i sept/okt. PPT har også halde informasjonsmøte for alle einingane.

Ved enkelte barnehagar og skular fekk ein tilbakemelding om at ein kunne ønske eit tettare samarbeid med PPT med faste møtepunkt der ein kunne drøfte utfordringar i kvardagen og saker på NN-nivå. Einingane har forventningar om at det nye PPT bør vere meir aktivt ute på skulane og barnehagane slik at PPT får god kjennskap til kvar enkelt eining i høve tilgjengelige ressursar, organisering og læringsopplegg. Tett dialog mellom einingane og PPT vert også peika på som viktig slik at ein kan skape eit tillitsforhold mellom dei tilsette og PPT.

#### **Sakshandsamingstid ved tilvising PPT:**

Tilbakemelding frå einingane og skuleleiinga i Ørsta viser at ein over fleire år (siste 10 åra) har hatt problem med lang sakshandsamingstid knytt til tilvising av born/elevar til PPT. Tilbakemeldingane frå einingane i Ørsta viste at i mange tilfelle kunne det vere opp til over 8 månadar venteliste før ein fekk gjennomført oppstartsmøte og starta kartleggingsprosessen. Dermed kunne det gå heile skuleår frå skulen/barnehagen tilmeldte til at det låg føre sakkunnig vurdering. Det skal nemnast at sjølv om sakshandsamingstida ikkje var tilfredstillande rapporterte fleire av einingsleiarane om ei positiv utvikling dei to siste åra (før avviklinga). Sjå kapittel 8 for meir informasjon kring sakshandsamingstida til PPT.

### **6.6.2 Vurdering**

#### **Ressursteam:**

Tilbakemelding frå einingane viser at dei vurderer det tverrfagelige ressursteamet som eit positivt lågterskeltilbod, men at det siste året har vore mindre brukt fordi ein meiner det unødig forlenger sakshandsamingsprosessen i dei saker skulen/bhg vurderer bør gå direkte til PPT, og fordi at foreldre/føresette ikkje ønskjer å delta i slike møter der så mange einingar er representert. Kommunen bør derfor revurdere korleis det tverrfagelege teamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass.

#### **Spesialpedagogisk nettverk:**

Kommunen har nettverk for spes.ped.koordinatorane på skulane og dei møtast fleire gongar i løpet av året. Einingane gav tilbakemelding om at deira pedagogar hadde utbytte av nettverket, både mht. deling av kunnskap og samarbeid.

**Støtteressursar/øyremerka ressursar**

Skulane får tildelt økonomiske rammer utarbeida av oppvekstkontoret. Ein del av ressursane som vert tildelt skal nyttast til tidleg innsats/styrking i klasse. Dette viser at Ørsta kommune har eit bevisst fokus på tidleg innsats og styrking i 1.-4. klasse, under føresetnad at midlane vert nytta som skissert

**PPT**

Tilbakemelding frå skular og barnehagar viser at ein har hatt utfordringar med sakshandsamingstida i PPT over mange år og lange ventelister. I samband med overgang til nytt interkommunalt PPT-kontor blei alle tilvisingane som var sendt inn av skulane og barnehagane og som ikkje var handsama av førre PPT, kansellerte. Tilbakemeldingane frå einingane viser at PPT no skal ha mykje meir fokus på systemretta og førebyggjande arbeid. Dette kan bidra til at ein ute på einingane raskare greier å fange opp born med vanskar. Derimot har Ørsta veldig mange individualsaker som det hastar å få på plass enkeltvedtak på. Derfor er det viktig at det nye PPT kjem raskt i gong med sakshandsaming av individualsakene som blei avslutta, slik at einingane kan fatte vedtak på dei borna som har krav på spesialundervisning/spesialpedagogisk, då det handlar om borna og foreldra sine rett til å klage på den hjelpa barnet får.

**6.7 Skriftelege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule:****6.7.1 Fakta****6.7.1.1 Felles:**

Kommunen er inndelt i seksjon for skule og seksjon for barnehage. Ein såg få felles prosedyre og rutinar knytt til tidleg innsats då kvar enkelt sektor har utarbeida sine egne.

**6.7.1.2 Barnehage:**

Barnehagane i Ørsta kommune har i samarbeid med firmaet Ringer i vann starta eit utviklingsarbeidet med Ørsta barnehagane. Utviklingsarbeidet skal gå over 4 år og har som hovudmål å auke kompetansen og kvaliteten i barnehagane. Ein del av utviklingsarbeidet var å kartlegge dei ulike einingane i høve sterke og svake sider (SWOT-analyse). Styrarane revisjonen har vore i kontakt med har gitt positive tilbakemeldingar på prosjektet.

I samband med prosjektet har det blitt utarbeida ein lokal rammeplan for barnehagane i Ørsta kommune. Den lokale rammeplanen skal vere felles og forpliktande for alle barnehagane og skal vere styrande for utviklingsarbeid og kompetanseheving. Den skal vere grunnlag for å utvikle barnehagane sine rutinar og metodar. Dette skal sikre og vidareutvikle kvalitet i den einskilde barnehagen.

Seksjon barnehage utarbeidde i 2000 ein prosedyreperm for barnehagar og barnehagane sine samarbeidspartar. Det vart opplyst om at delar av permen har vore revidert i 2008, 2009 og 2013. Permen inneheld bla. «årshjul rutinar for tildeling av ressursar i barnehagen etter opplæringslova og barnehagelova». Dokumentet inneheld prosedyrebeskriving og



ansvar frå drøfting og vurdering av barna si utvikling, til iverksetting og kartlegging i barnehagen til evt. tilvising til PPT og utarbeiding av sakkyndig vurdering. I samtale med barnehageleiarar fekk ein i liten grad tilbakemelding om at dette var ein del av deira skriftlege prosedyrar knytt til tidlig innsats. Ein fekk i stor grad tilbakemelding på at ein ikkje hadde felles skriftlege rutinar, men at barnehagane no i samband med utviklingsarbeidet held på å utarbeide felles planar og rutinar. Ein av barnehagane viste til prosedyrepermen, men uttrykte at mykje av innhaldet burde reviderast.

Barnevernet har utarbeida felles rutinar for identifikasjon og oppfølging av barn (0-6 år ), med foreldre som slit med psykisk sjukdom eller som misbrukar rusmiddel slik at det går utover omsorga for barnet. Denne vert kalla «Sjå meg» og er utarbeida for Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein og var ferdig utarbeida i januar 2017. Dei einingane revisjonen har vore i kontakt med i Ørsta trekte ikkje denne fram som ein del av deira sine skriftlege rutinar i høve tidleg innsats. I Volda blei det gitt tilbakemelding på at desse rutinane vart nytta og var eit fint oppslagsverk for dei ulike tilsette mht. ulike vanskelege situasjonar.

Kommunen har ikkje utarbeida felles rutinar for saksgang knytt til spesialpedagogisk hjelp, men kvar enkelt eining har hatt ansvaret for at dette vert gjort i høve lovverk og rettleiarar.

#### 6.7.1.3 Skule:

Skulane som revisjonen har vore i kontakt med brukte "SOL - Systematisk Observasjon av Lesing" som eit verktøy i deira arbeid knytt til tidleg innsats.

SOL er:

- Eit system/verktøy for å fastslå kvar elevane er i si leseutvikling.
- Eit program for kompetanseheving for lærerar.
- Eit verktøy der kvar elev skal følgjast opp i si leseutvikling gjennom alle 10 skuleåra.
- Et verktøy for tilbakemelding til elevar og foreldre / føresette.


Skulekontoret har opplyst om at kommunen deler i januar månad ut SOL-kalender for siste våren i barnehagen og første hausten i skulen til alle komande førsteklassingar, med ulike aktivitetar i. Dette er eit tiltak for å synleggjere samanhengen både for born, foreldre og private og kommunale barnehagar og skular.

Administrasjonen har også opplyst om at alle skulane har LOGOS-sertifiserte lærerar. Kurset tek føre seg ulike funksjonar og innhald i Logos (datatest som kartlegg leseferdigheiter). Ein repeterer også enkel teori om lesing og ser på kjenneteikn ved dysleksi. I tillegg vert det opplyst om at kommunen har ei LOS-teneste som har som funksjon å fange opp elevar med høgt skulefråvær.

I høve rutinar knytt til bekymringsfasen (før tilvising til PPT) hadde skulane felles retningslinjer. Prosedyren går fram nedanfor og inneheld prosedyrebeskriving og ansvar frå drøfting og vurdering av barna si utvikling, til iverksetting og kartlegging i skulen til evt.

tilvising til PPT og utarbeiding av sakkunnig vurdering. I samtale med rektorane fekk ein tilbakemelding om at dette var ein del av deira skriftlege prosedyrar knytt til tidleg innsats.

### Prosedyre før tilvising til PPT



Det er også utarbeidd årshjul for spesialundervisning for Ørstaskulen. Denne var sist revidert 09.08.17 og inneheld prosedyrebeskriving, datoar/fristar og ansvar frå tilvising til PPT og utarbeiding av sakkunnig vurdering til utarbeiding av individuell opplæringsplan og årsrapport.

#### 6.7.2 Vurdering

Det var få felles rutinar/retningslinjer mellom seksjonane for skule og barnehage. Kommunen bør jobbe mot eit betre samarbeid mellom dei to sektorane i høve felles retningslinjer og rutinar, slik at ein innarbeider felles mål og plan for heile utdanningsløpet til borna, noko som kan bidra til at ein får ei felles forankring og forståing for korleis ein skal arbeide i høve tidleg innsats. Utarbeiding av felles rutinar og retningslinjer bør gjerast i eit samarbeid mellom dei to seksjonane slik at dei med større sannsynlegheit får aksept og vert implementerte ute på einingane i begge seksjonane.

Ørstaskulen har utarbeidd prosedyrebeskriving før tilvising til PPT. Dette gir lærerar informasjon om tiltak, ansvar og saksgang. Dette er viktig mht. tillegg innsats. Det låg også føre felles årshjul knytt til spesialundervisning.

Kommunen har ein eldre rutineperm i høve prosedyrebeskriving for barnehage og barnehagen sine samarbeidspartnarar. Tilbakemelding frå barnehageleiarane viste at denne i stor grad ikkje vart nytta då det berre blei vist til denne permen ved ein at dei kontrollerte barnehagane då ein etterspurde felles rutinar for saksgang knytt til spesialpedagogisk hjelp i barnehagen. Dokumentet bør innehalde prosedyrebeskriving og ansvar frå drøfting og

vurdering av barna si utvikling, til iverksetting av tiltak og kartlegging og evt. oppmelding til PPT med tilhøyrande utarbeiding av sakkunnig vurdering. I skulesektoren har ein utarbeida prosedyre før tilvising til PPT samt eit årshjul for spesialundervisning og kommunen bør vurdere om det er hensiktsmessig å ta utgangspunkt i desse dokumenta ved utarbeiding av rutinane i barnehagen.

Sektor for barnehage har utarbeida ein felles lokal rammeplan for barnehagane i Ørsta kommune. Rammeplanen gir føringar for korleis barnehagane skal arbeide innanfor ulike emne som bl.a., leik, læring og språk. Ein felles og forpliktande rammeplan vil kunne vere med på å styre alle barnehageeiningane mot felles mål, rutinar og metodar. Dette vil kunne bidra til mindre forskjellar i barnehagetilbodet. Kommunen bør vurdere om det bør utarbeidast ein overordna felles kvalitetsplan for både barnehage og skule. Ein slik plan vil kunne bidra til at kommunen får eit styringsverktøy på tvers av dei to seksjonane og vere ein felles plan for innhald og utvikling av barnehagane og grunnskulane i kommunen.

Skulane i kommunen nyttar fleire type kartleggingsprøver bla. SOL (systematisk observasjon av lesing) i grunnskulen. Det er positivt at ein har fått på plass eit felles kartleggingsverktøy/handlingsplan både ved overføring av elevar frå klasse til klasse og evt. mellom skular vil då lærarane både ha kjennskap til kartleggingsverktøya, elevane sine resultat og metodane som er nytta i tidlegare klasser. Kommunen bør vurdere å få utarbeida eit liknande handlingsplan/kartleggingsverktøy retta mot barnehagane i kommunen knytt til språk og sosial kompetanse (samarbeid, sjølvkontroll, ansvar og empati for andre). Planen bør innehalde ein kommunal minstestandard for observasjon og kartlegging av språk og sosial kompetanse for 1-6 år. Den bør også innehalde ei skildring av prosessen, ansvarsområde og omtale av observasjons- og kartleggingsverktøy slik at tilsette også kan bruke det som eit oppslagsverk. Dette arbeidet bør gjerast i samarbeid med PPT som kan vere ein viktig ressurs både mht. utarbeiding og implementering.

## 6.8 Sakkunnige vurderingar og enkeltvedtak i barnehage og skule

### 6.8.1 Fakta

Både rektorar og barnehagestyrarar fekk spørsmål knytt til PPT sine sakkunnige vurderingar. Tilbakemeldingane viste at dei fleste var nøgd med dei sakkunnige vurderingane siste åra i samband med enkeltvedtak knytt til spesialundervisning. Ingen av dei skulane og barnehagane ein var i kontakt med hadde fått utarbeida sakkunnige vurderingar frå det nye PPT, slik at ein har ikkje informasjon om kvaliteten på desse.

Dei fleste rektorane og barnehagestyrarane meinte at mange av dei sakkunnige vurderingane var gode og at ein hadde utbytte av dei, men at kvaliteten kunne variere. Alle gav tilbakemelding om at i dei aller fleste tilfelle vert anbefalingane til PPT følgde ved utarbeiding av enkeltvedtak.

Av utfordringar blei det vist til at dei sakkunnige vurderingane tidvis kunne oppfattast som for generelle og at dei burde vere meir «spissa» og detaljerte. Det blei også peika på at PPT

burde ha meir elevkontakt retta spesielt mot klassen/barnegruppa for å kunne avdekke utfordringar i klassesituasjonen eller i barnegruppa i barnehagane.

I samtale med barnehagane og skulane fekk ein også tilbakemelding om at ved tilvising og under kartleggingsprosessen kunne det gå svært lang tid før det låg føre ei sakkunnig vurdering.

### **6.8.2 Vurdering:**

Barnehagar og skular har tidlegare opplevd dei sakkunnige vurderingane stort sett som gode, men at dei ved enkelte høve var for generelle og lite detaljerte.

### **6.9 Konklusjon:**

PPT har siste åra i liten grad gjennomført førebyggjande og systematisk arbeid i skulane og barnehagane. Dette skuldast i hovudsak kapasitetsproblem. Barnehagar og skular beskreib samarbeidet med PPT siste åra som utfordrande med lange venteliste og lang sakshandsamingstid. Einingane har klare forventningar til at nye PPT kjem raskt i gong med handsaming av saker og at dei vil vere aktivt ute på einingane, mht førebyggjande arbeid.

Ein såg få felles rutinar/retningslinjer mellom seksjonane for skule og barnehage. Kommunen bør jobbe mot eit betre samarbeid mellom dei to seksjonane i høve felles retningslinjer og rutinar. Skulane i kommunen hadde felles kartleggingsverktøy for å fange opp elevar tidleg og ei prosedyrebeskriving i høve bekymringsfasen /før tilvising til PPT. Barnehage hadde skriftlege rutinar i høve kartlegging og tidleg innsats, men desse var i liten grad implementerte og nytta ut på einingane revisjonen var i kontakt med og at dei burde reviderast.

## 7 Problemstilling 2

### *I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?*

#### 7.1 Innleiing:

I dette kapitlet går det fram revisjonskriterium, data og vurderingar om korleis det er lagt til rette for god overgang mellom barnehage og skule. Kva som er gode overgangar vert utdjupa nedanfor i kapittel 7.2 der dei ulike revisjonskriteriene som vi har nytta for å belyse dette emnet går fram.

#### 7.2 Revisjonskriterium:

Revisjonskriteria under denne problemstillinga er hovudsakeleg henta frå barnehagelova, opplæringslova, rettleiar for tidleg innsats «frå elds til yngst», forvaltningslova og personvernslova. Nedanfor har ein teke ut dei viktigaste momenta frå dei ulike lovene og rettleiaren som revisjonen vil kontrollere opp i mot.

##### 7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule

Tidleg innsats er eit gjennomgåande tema i denne undersøkinga og overgangen mellom barnehage og skule er ein sær viktig del av skuleløpet. I 2008 blei det utarbeida ein rettleiar med fokus på tidleg innsats, « Frå eldst til yngst» som har som mål å styrke samanhengen mellom barnehage og skule, og skape ein god overgang for barn når dei startar på skulen. Dei nye elevane kan kome frå barnehagar i skulen sitt opptaksområde og dei kan kome frå barnehagar andre plassar i kommunen, frå andre kommunar eller andre land. Dei kan også kome frå private barnehagar, og enkelte barn treng ikkje å ha bakgrunn frå barnehage.

Kommunen har eit ansvar for å legge til rette for ein god skulestart for alle barn i kommunen uavhengig av bakgrunn. Rettleiaren er tydeleg på at målet er ikkje å unngå overgangar, men å unngå at dei blir så store at barnet ikkje kan mestre dei.

Rettleiaren anbefalar ein plan på kommunenivå som inneheld premissane for overgang mellom barnehage og skule. Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid om overgangar, og den bør legge til rette for samarbeid mellom styrar i barnehage og rektor i same opptaksområde.

Rettleiaren anbefalar vidare at barnehagestyrarar og rektor ved dei ulike skulane tek ansvar for systematisk planlegging og oppfølging av overgangen mellom barnehage og skule. Kommunen, barnehagane og skulane sine planar bør bla. innehalde eit opplegg for ulike arrangement der barna får møte kvarandre og dei vaksne som dei skal ha mest kontakt med i skulekvardagen, og legge til rette for at dei får bli kjent med skulemiljøet og innhaldet i skulekvardagen.

Rettleiaren sei derimot ikkje noko om barn som ikkje går i barnehagar i kommunen, eller som ikkje går i barnehage i det heile. Ein meiner det er viktig at kommunen og den enkelte skulen tek ansvar for å involvere alle barn som skal starte på ein av kommunen sine skular.

Barnehagar og skular kan overføre taushetsbelagt informasjon dersom dei har samtykke frå den det gjeld. Det står i forvaltningslova § 13 a nr 1. «*For barn under 15 år er det foreldrene som gir samtykke. Når barnet er fylt 15 år, er det normalt tilstrekkelig med barnets samtykke for å overføre taushetsbelagte opplysninger*». Krav om samtykke er regulert i personopplysningslova §2. nr 7. Her går det fram at samtykket må vere frivillig, uttrykkelig informert og skriftlig.

### 7.2.2 Oppsummert:

- Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synleggjere premisane for overgang mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør legge til rette for koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).
- Alle barn bør få eit tilfredstillande møte ved skulen.
- Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring.

## 7.3 Fakta:

### 7.3.1 Overgangsplan mellom barnehage og skule

I samband med intervju av rektorar og barnehagestyrarar etterspurte ein plan for overgang mellom barnehage og skule. Ein fekk då forskjellige tilbakemeldingar med dei ulike einingane. Enkelte einingar viste til ein eldre felles overgangsplan, medan andre einingar gav tilbakemelding om at ein ikkje hadde slik overgangsplan og at aktivitetar vert avtalt mellom barnehagestyrar og rektor frå år til år. Det blei også gitt tilbakemelding at for skular som får born frå fleire barnehagar kunne overgangsarbeidet variere, der enkelte einingar hadde mange felles aktivitetar til at det i liten grad blei gjennomført noko overgangssamarbeid.

Skuleadministrasjonen har gitt tilbakemelding om at førebuing til ny plan er i gong, m.a. har ein rådgjevar vore på konferanse om dette. Ny plan vil dekkje alle overgangar frå barnehage til vidaregåandeskule.

Ved to av skulane og ein av barnehagane fekk ein overlevert skrifteleg overgangsplan (utarbeida 31.03.2008). Det blei gitt tilbakemelding på at denne burde reviderast. Planen inneheld informasjon om ansvar, tidsfristar og tema/tiltak og aktivitetane går fram nedanfor:

Dato/ tidspunkt	Handlingsplan for overgang barnehage/skule i Ørsta	Ansvar
September	Foreldra til barn i den aktuelle aldersgruppa blir informert om samarbeidet barnehagen har med skulen. Barnehagen brukar eit skjema der foreldra skriv under på om dei godkjenner overlevering av relevant informasjon til skulen.	Barnehage
Når det er aktuelt	Er det usikkerheit/bekymring rundt eit barn, tek barnehagen i forståing med foreldra dette opp med PPT. Spesped. – koordinator barnehage er også ein naturleg medspelar.	Barnehage
Oktober	Barnehagen sørger for at spes.ped- koordinator barnehage får	Barnehage

	oversikt over barn med særskilte behov som skal over i skulen.	
Primo november	Samarbeids- og informasjonsmøte mellom rektor og spes.ped-koordinator barnehage og skule med fokus på barn med nedsett funksjonsevne.	Spes.ped –koord. bhg i samarb. med oppvekstkont.
Nov./des. året før skulestart	Skulen v/ rektor blir informert om born med særskilt omfattande hjelpebehov, slik at ein i god tid blir tilkopla arbeidet med å danne ein best mogeleg overgang til skulen.	Barnehagen i samarbeid med ansvarsgruppe
10. des	Frist for å sende IOP og halvårsrapport til dei enkelte skulane og PPT for barn som har enkeltvedtak etter opplæringslova eller barn med særskilte behov.	Barnehage
15. Januar	Frist for å sende samla oversikt over spesialundervisningsbehov for komande skuleår til oppvekstkontoret. For elevar som skal starte i første klasse, skal barnehagen utarbeide IOP og siste halvårsrapport leggst til grunn for vurderingane, saman med PPT si sakkunige vurdering.	Skule
Jan /febr	Oppdaterte barnetalslister frå folkeregisteret vert sendt ut til skulane	Oppvekstkontoret
Febr /mars	Innskriving av nye førsteklasingar. I tillegg til å sende registreringsskjema til dei aktuelle heimane for utfylling, kan innskriving organiserast ved fysisk frammøte op skulen,	Skule
Primo mai	Invitasjon til førskuledag/besøksdag blir sendt til aktuelle foreldre/barn i god tid på førehand. Kopi til barnehagen.	Skule
Mai /juni	Førskuledag/ besøksdag vert gjennomført ved skulen	Skule
Juni	Samarbeids- og informasjonsmøte mellom kontaktlærer og ped. leiar frå aktuelle barnehagar	Skule
Febr /mars 2. kvart år	Pedagogane i barnehagane og skulane har regelmessige fellessamlingar der ein gjensidig informerer om innhaldet i siste barnehageår og første skuleåret. Auka grad av samordning mellom dei ulike barnehagane og mellom dei ulike skulane, samt betre kjennskap til kvarandre sine arbeidsområde er viktige mål for samlingane. Språkstimulering er eit fellessatsingsområde.	Oppvekstkontoret

Ved beskriving av tiltaka/aktivitetane som vert gjennomført i samband med overgang barnehage/skule, var tilbakemeldinga at i hovudsak var det rektor og styrar i barnehagane som hadde dialog og kontakt i overgangsfasen og spesielt retta mot born med vanskar/utfordringar. Ein av skulane gav tilbakemelding om at ein dette skuleåret ville ta med seg spes.ped. koordinator i desse overgangsmøta. Ein fekk inntrykk av at skulane har hovuddialogen med foreldre/føresette i høve aktivitetar som skal gjennomførast på skulen (bli kjend dag og liknande) og at barnehagane i liten grad vert involvert i dette arbeidet. Ingen av skulane revisjonen var i kontakt med hadde rutinar for å involvere komande kontaktlærer i overgangsarbeidet og/eller dialog med barnehagane i høve førskulegruppa, men at kontaktlærer kunne verte involvert på eit tidleg tidspunkt ved f.eks. ein skilde born med spesielle vanskar og utfordringar.

Det vart også stilt spørsmål om rutinar for å fange opp barn som ikkje går i barnehage for å sikre at desse får same tilbodet som barnehageborna. Skulekontoret har opplyst om at det



er seksjonsleiar som fattar vedtak om tildeling av skuleplass til kvar enkelt førsteklassing basert på utskrift frå folkeregisteret pr. 01.01 det året elevame fyller 6 år. Skulane får deretter tildelt sine elevar etter at eventuelle klager er handsama. Skulane sender deretter ut informasjon og evt. invitasjonar til føresette. Det er derfor skulekontoret som har ansvaret for å tildele og informere skulane. I Ørsta har ein mange barnehagar i sentrum og ein del barnehagar på bygdene. Kommunen har derfor både små lokale forhold der skule og barnehage har god oversikt over barna (f.eks. Dalane barnehage og skule), og eit meir komplisert bilde i sentrum der skulane tek i mot barn frå fleire barnehagar for eksempel Vikemarka skule som har mange forskjellige barnehagar å forholde seg til.

### **Vurdering:**

Kommunen har ein eldre felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane gav varierende tilbakemelding mht. denne, der enkelte gav tilbakemelding om at ein nyttar overgangsplanane aktivt, medan andre ikkje hadde kjennskap til den. For dei som var kjend med planen fekk ein i stor grad tilbakemelding om at denne burde oppdaterast og reviderast. Generelt sett vurderer ein derfor denne planen som utdatert og lite implementert av einingane. Kommunen bør derfor vurdere å utarbeide/revidere ein ny overgangsplan. I høve dette arbeidet er det viktig at både sektor for skule og sektor for barnehage samarbeider og kjem fram til ein felles oppdatert plan der roller og ansvar er klart definerte.

Det går fram av planen at rektor skal delta på samarbeids- og informasjonsmøte i barnehagen. Tilbakemeldingane frå einingane viste store variasjonar i kven som deltok på desse møta. Kommunen bør vurdere å innføre i denne rutinen at komande kontaktlærer også møter her, slik at vedkomande kan tileigne seg nyttig informasjon om enkeltborn og heile førskulegruppa. Dette kan gjere vedkomande betre forberedt på eventuelle utfordringar ein kan møte ved skulestart.

I høve born som ikkje går i barnehage går det fram av den gamle planen at oppdatert barnetalsliste vert sendt ut til skulane. Her bør kommunen vurdere å innføre ei rutine der barnetalsliste også vert sendt ut til barnehagane slik at barnehagane også kan fange opp born som ikkje går i barnehage og gi dei tilbod om å delta i deira førskuleaktivitetar.

### **7.3.2 Samarbeid mellom barnehage og skule.**

Ved beskriving av samarbeidet mellom barnehage og skule mht, overgang fekk vi varierende svar frå dei ulike einingane, der enkelte beskrev samarbeidet som godt, medan andre rapporterte om at ein hadde lite samarbeid. Av utfordringar blei det trekt fram av enkelte barnehagar at det tidvis kunne vere ei utfordring å få skulane til å forstå viktigheita av informasjonen som barnehagane hadde, og enkelte barnehagar tidvis følte at møter og liknande ikkje blei prioritert i høve førskulegruppa. Det blei frå både barnehagar og skular ytra ønske om avklaringar i høve roller og ansvar i høve overgangsarbeidet.



Barnehagane ønskte også meir informasjon frå skulen i etterkant av overgangen (i slutten av 1.trinn) for å få informasjon om opplegget i barnehagen har vore godt eller om det var avdekka utfordringar med elevane som burde vore fanga opp i barnehagen. Denne informasjonen vil kunne bidra til å betre kvaliteten i barnehagetenesta og gi dei mogeligheit til å kunne justere/gjere endringar i opplæringsopplegget sitt basert på desse erfaringane.

Ørsta har både sentrumsnære einingar og einingar lokalisert på bygdene. Av utfordringar blei det i sentrum trekt fram at det tidvis for enkelte skular kunne vere ei utfordring med mange forskjellige barnehagar skal ha dialog med. Dette stiller krav til skulane mht. møte og overføring av informasjon. For einingane utanfor sentrum har ein hovudsakleg ein eller to barnehagar ein samarbeider med.

Fleire av einingane (både skular og barnehagar) gav også tilbakemelding om at ein ønska eit tettare samarbeid mellom skule og barnehage både mtp. å kunne gi tilbakemeldingar til kvarandre og deling av kunnskap.

### **Vurdering:**

Kommunen har ein overgangsplan som gir føringar på kva aktivitetar som bør gjennomførast, men tilbakemeldingane frå einingane viste at det var store forskjellar i kva aktivitetar som blir gjennomført. Det er derfor viktig at kommune sett i verk tiltak slik at overgangsplanen vert følgt.

Fleire av einingane (både skular og barnehagar) gav tilbakemelding om at ein ønska eit tettare samarbeid både mtp. å kunne gi tilbakemeldinga til kvarandre og deling av kunnskap. Ein god arena for dette kan vere i førskulegruppa, der ped.leiar i barnehagane og komande kontaktlærer kan dele erfaring før skulestart. Dette bør sjåast i samheng med samarbeids- og informasjonsmøte mellom kontaktlærer og ped.leiar, som går fram i kommunen sin skriftelege overgangsplan. Ved utarbeiding/implementering av ei slik rutine er det veldig viktig å vurdere når det er nødvendig med samtykkeerklæring frå foreldre/føresette.

Kommunen bør også vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen etter 1. klasse bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen. Ei slik tilbakemelding kan vere med å heve kvaliteten i barnehagane og gi dei verdifull informasjon som dei kan ta med seg vidare i arbeidet sitt. Ved ei slik informasjonsoverføring må det skaffast samtykke frå foreldre om tilbakemeldinga krev det. Dette bør sjåast i samheng siste punkt i overgangsplanen som gjeld regelmessige fellessamlingar mellom pedagogane i skule og barnehage.

### **7.3.3 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette**

Både barnehagar og skular gjennomfører foreldremøter (samla) og foreldresamtaler og det er hovudsakeleg her ein opprettar dialog/samarbeid med foreldra. Ved bekymring eller oppmelding til PPT vert det gjennomført fleire møter etter behov og foreldre og barnehage/skule blir involverte i kartleggingsarbeidet til PPT.

I barnehagane har ein minimum to faste foreldresamtalar pr. år og gjerne meir om ein føler ein treng det. I tillegg har ein eit felles foreldremøte på hausten der ein presenterer opplegget for overgangen mellom barnehage og skule.

Alle barnehagane uttrykte at dei hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldra. Dette inngår også som ein del av overgangsplanen.

I skule har ein også minst to foreldremøte og minst to lovfesta utviklingssamtalar med foreldra i løpet av året. Det blei opplyst om at ein har låg terskel for å ta det opp med foreldre når ein er uroa for utviklinga til eit barn. Foreldre får også delta i kartleggingsprosessen til PPT i samband med sakkunnig vurdering og får kome med innspel.

I overgangsplanen går det fram at oppvekstkontoret skal sende barnetalslister til skulane. Skulane sender deretter invitasjon knytt til førskuledag/besøksdag til foreldre og føresette med kopi til barnehagane.

Barnehagesektoren har utarbeidd eit skjema for overgang mellom barnehage- skule (gjeldande frå 01.04.13). Skjemaet skal signerast av foreldre føresette og gir informasjon om kva emne som vil kunne bli diskuterte på informasjonsoverføringsmøte mellom barnehagen og skule. Det går derimot ikkje fram av skjemaet konkret kva som vil bli diskutert.

### **Vurdering:**

Alle barnehagane gav utrykk for at ein hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldre ved overgangssamtale. Dette inngår også i dei skriftlege rutinane i kommunen. I høve overgangsskjema bør kommunen vurdere om skjemaet bør innehalde meir konkrete detaljar over kva informasjon som vil bli overført.

Både skule og barnehagar har dialog og kontakt med foreldra gjennom foreldremøte og utviklingssamtalar. Foreldre blir involvert i kartleggingsarbeidet til PPT knytt til tilvising og utarbeiding av sakkunnig vurdering.

Kommunen har i sin skriftlege overgangsplan rutinar for å invitere nye elevar til å delta på førskuledag/besøksdag ved skulen. Kommunen bør vurdere å presisere at born som ikkje går i barnehage også får tilbod om å delta i førskuleopplegg både i barnehage og skule.

## **7.4 Konklusjon**

Kommunen har ein eldre felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane nytta denne i varierende grad. Kommunen bør derfor vurdere å utarbeide/revidere ein ny overgangsplan og få implementert denne tilfredsstillande ute på einingane.

Tilbakemelding frå einingane viser at det er store forskjellar i kva arbeid/aktivitetar som vert gjennomført i overgangsarbeidet mellom barnehage og skule og kommunen bør setje i verk tiltak slik at overgangsplanen vert følgt.

Kommunen har skriftlege rutinar for å innhente samtykke. Kommunen har også utarbeidd samtykkeskjema. Alle einingane gav tilbakemelding på at det vert innhenta samtykke ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule. Kommunen bør vurdere om skjemaet skal innehalde meir konkrete detaljar over kva informasjon som vil bli overført.

## 8 Problemstilling 3

**I kva grad tilfredsstillar PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

### 8.1 Revisjonskriterium:

Lov og forskrift for PPT angir ikkje kor lang tid sakshandsamingsprosessen kan ta. ST.melding nr 18. (2010-2011) *Læring og fellesskap* anbefalar at kommunen bruker intill tre månadar på å utarbeide sakkunnig vurdering og fatte enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak.

Sidan formell sakshandsamingsfrist ikkje er gitt, blir det ikkje registrert sakshandsamingstida ved landet sine PP-tenester i statistikk, Det går ikkje fram informasjon verken i GSI (grunnskolen informasjonssystem) eller KOSTRA.

#### Oppsummering:

- PPT si sakkunnige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilvising av barnet til PPT

### 8.2 Fakta:

#### 8.2.1 Organisering

Ørsta og Volda har hatt PPT samarbeid som strekk seg tilbake til 1990-talet. Kontoret har hatt ulik lokalisering. Først heldt dei til i Volda, men i 2011 flytta dei til Ørsta. På flyttetidspunktet var PPT underlagt eit styre samansett av «skulesjefane» for Volda og Ørsta, ein politikar frå kvar kommune, leiar for PPT og ein tilsettere representant. I 2013-2014 blei det arbeid mot at ein skulle gå over til vertskommunemodell med Ørsta som vertskommune. Dette kom på plass 1.juli 2015 og Ørsta fekk då det formelle ansvaret for tenesta. Frå då har PPT vore organisert som ei eiga eining i seksjon skule.

I 2016 vart det gjennomført ei organisasjonsanalyse for PPT Volda og Ørsta. Konklusjonen i analysen var at Volda og Ørsta burde søke samarbeid med andre og fleire kommunar om PP-tenesta. Ørsta spurde då alle omkringliggjande kommunar om der var interesse for slikt samarbeid, og Ulstein og Hareid sa seg interesserte. Det vart så gjennomført sonderingar hausten 2016 om eit felles PPT for Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta der alle kommunane etter kvart vart einige eit samarbeid etter vertskommunemodellen med kontor i Ulsteinvik. Avtalen vart gjeldande frå og med 01.08.2017

## 8.2.2 Tilvisingar

Nedanfor går det fram ei oversikt over totale tilvisingar dei siste fire skuleåra i Ørsta og Volda. Dette gjeld både barnehagen, grunnskulen, vidaregåande skule og individsaker. Talmaterialet er utarbeida av det gamle PPT .

Talet på tilvisingar dei siste fire skuleåra*	
2012/2013	55
2013/2014	30
2014/2015	420
2015/2016	225

Ein registrerer ein stor auke i antal tilvisingar skuleåret 2014/15. Ørsta kommune tok over drifta for PPT hausten 2015 og alle saker vart avslutta og re-tilmeldt dette skuleåret. Derimot såg ein også eit stort antal tilvisingar i 2015/16 spesielt om ein samanliknar med skuleåra 2012/13 og 2013/14.

Vidare har ein sett meir detaljert på tilvisingar knytt til barnehage og grunnskulen og nedanfor går det fram antal tilvisingar fordelt på klassetrinn/alder.

### Barnehage:

Antal tilvisingar i barnehagane var relativt lågt i 2012/13 og 2013/14 deretter såg ein eit hopp i antal tilvisingar både i 2014/15 og 2015/16. Som tidlegare nemnt var 2014/15 eit spesielt år for PPT der alle saker blei tilvist på nytt. Derimot såg ei også eit høgt antal nye tilvisingar i 2015/16. I barnehagane såg ein for alle åra flest tilvisingar knytt til barn i 4-5 års alderen.

Talet på tilvisingar barnehage						
	< 2 år	2 år	3 år	4 år	5 år	Totalt
2012/2013	1	0	1	1	5	8
2013/2014	1	0	0	2	4	7
2014/2015	0	4	5	14	13	36
2015/2016	1	1	8	9	9	28

### Grunnskule 1.- 10.klasse Ørsta og Volda

Utvida tabell grunnskule	6 år	7 år	8 år	9 år	10 år	11 år	12 år	13 år	14 år	15 år	Totalt
2012/2013	2	1	4	1	6	1	3	3	1	2	24
2013/2014	0	1	0	1	1	1	2	3	0	1	10
2014/2015	22	17	17	22	21	26	37	37	35	29	263
2015/2016	7	18	13	21	10	11	4	11	11	18	124
<b>SUM</b>	<b>31</b>	<b>37</b>	<b>34</b>	<b>45</b>	<b>38</b>	<b>39</b>	<b>46</b>	<b>54</b>	<b>47</b>	<b>50</b>	<b>421</b>

Tal for grunnskulen viser at det i 2012/13 og 2013/14 var relativt få tilvisingar (hhv 24 og 10stk). Den store auken skuleåret 2014/15 (263 stk) skuldast i stor grad omstruktureringar og re-tilvisingar i PPT, men ein registrerte også ei stor auke i antal tilvisingar i 2015/16 (124 stk), slik ein også såg i barnehagane.

Når ein ser på dei fire åra samla kan ein sjå ein auke i antal tilvisingar blant dei eldste elevane (12-15 år). Ein såg færrest tilvisingar i frå 6-8 år.

### 8.2.3 Ventetid og venteliste

PPT har hatt utfordringar knytt til sakshandsamingstida over fleire år. Ifl. tilbakemelding frå skuleadm. i Ørsta har desse utfordringane vore knytt både til leveranse, bemanning og arbeidsmiljø, og det har vore gjennomført fleire tiltak knytt til arbeidsmiljøet utan at dette hadde positiv effekt.

PP-tenesta har ikkje nøyaktige tal på ventetida. Prioritering av alvorlege saker som hastar påverkar sakshandsamingstida til saker av meir generell art. På saker som ikkje fekk status som hastesaker var ventetida siste åra om lag 6 månader, men ein har fått tilbakemelding om at i nokre få einskildsaker var oppe i over 8 månader. Dette gjaldt saker som vart tilmeldt seint på våren skuleåret 15/16. Tabellen nedanfor viser kor mange born/elevar som stod på venteliste dei ulike åra.

Tal på personar som har stått på venteliste.	
2012/2013	46
2013/2014	56
2014/2015	50
2015/2016	69
2016/2017	69

### 8.2.4 Sakshandsamingstid (sakkunnig vurdering)

Tabellen viser antal sakkunnige vurderingar gjennomført av PPT dei siste fire skuleåra. Ein såg ein markant nedgang i antal gjennomførte vurderingar i 2013/14 (84) medan ein såg ca ei dobling i antal gjennomførte saker i 2014/15 og 2015/16. Dette stemmer også med det bildet som vert teikna av rektorane og styrarane ein har vore i kontakt med, der dei hevda PPT fungerte betre dei siste to åra 2015-2016.

Talet på sakkunnige vurderingar gjennomført	
2012/2013	219
2013/2014	84
2014/2015	155
2015/2016	167
* Her er også vidaregåande skular med	

Når det gjeld sakshandsamingstid, (tid frå ei sak vert tilmeldt til ho er ferdig handsama) viser tala nedanfor gjennomsnittleg sakshandsamingstid. Sakshandsamingstida seier derimot ikkje noko om venteliste. Det er stor variasjon i kor lenge elevar står på venteliste. Dette fordi hastesaker vert handsama relativt raskt medan meir «generelle» saker vert ståande på ventelista i opp til 6-7 månader (ut frå observasjonar inneverande skuleår). Ser ein dette opp i mot den gjennomsnittlege sakshandsamingstida (101 dagar skuleåret 2015/16). Blir den totale sakshandsamingstida på over 9-10 månadar.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid	dagar
2012/2013	47
2013/2014	57
2014/2015	52
2015/2016	101

Tilbakemelding frå seksjon barnehage viste at enkelte barnehagar rapporterte om ventelister på over 12 månadar.

### 8.3 Vurdering:

ST.melding nr 18. (2010-2011) «Læring og fellesskap» anbefaler at kommunen bruker inntil tre månader på å utarbeide sakkunnig vurdering og fatte enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak. I Ørsta og Volda kommune har ein fått tilbakemelding frå skulane og barnehagane om at det over mange år har vore lang venteliste og sakshandsamingstid. I dei verste tilfella kunne det gå heile skuleåret før det låg føre sakkunnig vurdering slik at kommunen kunne fatte enkeltvedtak. Sakshandsamingstida har derfor ikkje vore tilfredstillande desse åra.

Sakshandsamingstid kan i seg sjølv vere ein dårleg indikator på kvaliteten i tilbodet som blir gitt. Ein bakgrunn for dette er blant anna at eit auka fokus på systemretta arbeid og tidleg innsats er med på å gjere sakshandsamingstida lengre, ved at det går med meir tid til utprøving av ulike tiltak i bekymringsfasen. Dette kan opplevast som at saka er «under handsaming», sjølv om den formelt sett ikkje er tilmeldt til PPT. Særleg for foreldre kan dette være med på å gi ei oppleving av lang saksgang, samtidig som det også kan gi ei oppleving av at ein er raskt i gong med tiltak. Dette er ikkje årsaka til den lange sakshandsamingstida i Ørsta. Det nye PPT-kontoret har signalisert at ein vil i mykje større grad ha fokus på systemretta og førebyggjande arbeid, men dette kan ikkje gå utover sakshandsamingstida.

Både Ørsta og Volda sitt no med veldig mange elevar/born som har krav på utredning med omsyn til spesialundervisning. Derfor er det veldig viktig at det nye PPT-kontoret prioriterer disse sakene så raskt som råd, slik at dei borna som evt. får sakkunnig tilråding med rett til spesialundervisning får dette etter vedtak frå rektor.

Det er viktig å forstå at elevane/borna får ei tilpassa opplæring både før og under kartleggingsfasen til PPT, slik at undervisninga som blir gitt kan vere god og godt tilpassa eleven. Derimot er det slik at når det ikkje ligg føre enkeltvedtak i høve spesialundervisning har ikkje foreldre/føresette ei formell moglegheit til å klage (til fylkesmannen) på den undervisninga som eleven får. Det er viktig at PPT får ned både ventetida og sakshandsamingstida, samt drive systematisk og førebyggjande arbeid.

### 8.4 Konklusjon

I Ørsta kommune har ein fått tilbakemelding frå skulane og barnehagane at det over mange år har vore lang venteliste og sakshandsamingstid. Venteliste på opp til 6-7 månadar i skulen og over 12 månadar i barnehagane. Deretter ei sakshandsamingstid på over 3 månader (skuleåret 15/16).

No er Volda og Ørsta gått inn i eit felles PPT-samarbeid med Hareid og Ulstein. I den samanheng vart alle tilvisingane som var sendt inn av skulane og barnehagane og som ikkje var handsama av førre PPT, kansellerte, og dei fekk beskjed om å ta opp sakene i tiltaksmøte med den nye PP-tenesta. Det er viktig at PPT så raskt som råd startar arbeidet knytt til kartlegging og sakshandsaming slik at dei elevane som treng enkeltvedtak får dette så raskt som råd.

## 9 Anbefalingar

- Ørsta kommune har lange ventelister i høve tilvising til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av saker, både på system- og individnivå.
- PPT har siste åra i svært liten grad gjennomført systemretta og førebyggjande arbeid ute på einingane. PPT bør støtte barnehagane og skulane i kommunen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for barn og unge.
- Det er få felles rutinar/retningslinjer mellom seksjonane for skule og barnehage. Kommunen bør jobbe mot eit betre samarbeid mellom dei to seksjonane i høve felles retningslinjer og rutinar mht. kartlegging og førebyggjande arbeid i høve tidleg innsats.
- Kommunen har utarbeida ein skrifteleg overgangsplan mellom barnehage og skule, men denne er ikkje tilfredstillande implementert på alle einingane og bør oppdaterast/reviderast. Dette arbeidet bør gjerast i eit samarbeid mellom sektor for barnehage og sektor for skule.
- Kommunen bør vurdere om ein i større grad enn tidlegare skal involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
- Kommunen har utarbeide felles rutinar for saksgang knytt til spesialpedagogisk hjelp i barnehagen, men desse var ikkje tilfredstillande implementert på alle einingane og bør oppdaterast/reviderast.
- Kommunen bør vurdere korleis det ressursteamet skal fungere og korleis ein kan få meir utbytte av det. Dette bør også sjåast i samanheng, og koordinerast med det nye PPT då dei vil ha ein sentral plass.

## 10 Rådmannen sin kommentar

### Kommentar til anbefalingar:

Generelt er dette ein grundig og god rapport der seksjon barnehage og seksjon skule kjenner seg att i mykje av innhaldet. Vi har likevel nokre kommentarar:

#### PPT:

Barnehagane og skulane har i haust gått gjennom barna på ventelista på tiltaksmøte i lag med PPT. Vi går ut frå at desse møta har vore klargjerande når det gjeld kva som skal skje i kvar einskild sak, om PPT skal gjere ei sakkunnig vurdering eller om det framleis skal prøvast ut fleire tiltak i barnehage/skule før evt. sakkunnig vurdering eller om det trengst kompetansehevingstiltak.

Det er tydelege signal frå Interkommunalt PPT om at vi i lag skal arbeide meir systemretta og førebyggjande for at barnehagar og skular skal kunne leggje opplæringa betre til rette for barn med særlege behov. Dette er vi svært positive til, og vi vil samarbeide konstruktivt med PPT om dette. Målet må vere at barnehagar og skular, i større grad enn i dag, skal ha ei verktøykasse med tiltak som systematisk kan støtte barn og unge med ulike utfordringar i læring og utvikling. Sjølv om PPT skal arbeide meir systemretta og førebyggjande, vil det alltid vere eit visst behov for individretta arbeid og sakkunnige vurderingar. Det er viktig at Interkommunalt PPT er tilgjengeleg for dei gruppene dei særleg skal yte teneste til, det vil seie barn og unge med særlege behov.

#### Samarbeid mellom barnehage og skule:

Når det gjeld overgangen mellom barnehage og skule, skal vi saman utarbeide ein ny plan. Denne planen er under førebuing og vil også omhandle andre overgangar elevane må gjennom fram til dei er komne inn i vidaregåande skule. Fram til han er ferdig, er det eksisterande plan frå 2008 som gjeld, og vi vil minne einingane om at dei må gå gjennom planen og rutinene sine for å sikre ein best mogleg overgang.

Revisjonen legg stor vekt på at det går føre seg lite samarbeid mellom barnehage og skule, m.a. der lærar/ kontaktlærar er involvert. Vi kjenner oss ikkje heilt igjen i denne skildringa. Når vi har barn med omfattande behov for tilrettelegging, har vi fleire døme på at lærarar (og også personale frå SFO) har hatt faste møte og også arbeidstid i barnehagen eitt eller eit halvår før barnet startar på skulen. Vi har også faste overleveringsmøte mellom pedagogisk personale i barnehagen og kontaktlærar i 1. klasse i juni kvart år, jf gjeldande plan. Alt i november året før skulestart har rektor og spes.ped.koordinator for den skulen og barnehagen det gjeld, i samsvar med planen, samarbeids- og informasjonsmøte med fokus på barn med nedsett funksjonsevne. Vi har full tillit til at rektor, som har ansvar for



opplæringa, (og spes.ped.koordinator) greier å formidle vidare det som trengst til dei komande lærarane til barnet, slik rektor også må i mange andre tilfelle i skulekvardagen.

Planen skildrar også andre møtepunkt mellom skule og barnehage som sikrar overgangen for born med særskilde hjelpebehov, og rektor vil gjennom dette få den nødvendige oversikt til å velje rett kontaktlærer for kvart barn. Den komande kontaktlæraren er nesten alltid i sving som kontaktlærer for eiga klasse også i vårhalvåret før, og det vil dermed ikkje vere forsvarleg at ho/ han i særleg grad er borte frå den for å møte barnehagane. Det bør her nemnast at talet på barnehagar som store skular som Velle og Vikemarka mottok born frå, kan overstige 10.

I arbeidet med ny plan for overgangen vil vi vektlegge samarbeid på tvers av seksjonane i større grad enn det som går fram av gjeldande plan, også på pedagogisk nivå.

#### Ressursteam:

Å få Ressursteam for born og unge til å fungere etter intensjonen, er ein kontinuerleg prosess der vi må arbeide for å skape tillit til at ressursteamet skal sjå etter korleis ein best kan hjelpe barnet. Det krev at barnehagar og skular melder inn saker på eit tidleg tidspunkt, før problemet har vakse seg stort og vanskeleg å handtere. Vi må også trygge dei føresette, som er viktige medlemmar av ressursteamet, på at dei er ein avgjerande ressurs for barnet, og at ressursteamet si rolle ikkje er å plassere skuld eller fråskrive seg ansvar. PPT er ein viktig deltakar i ressursteamet, og vi er glade for at dei er med.

**Kirsti Øy Driveklepp**  
Seksjonsleiar  
Skule

**Reidun Mo**  
Seksjonsleiar  
Barnehage

**Wenche Solheim**  
Rådmann

## 11 Revisjonen sin kommentar

I høve seksjonsleiar sin kommentar knytt til samarbeid mellom barnehage og skule andre avsnitt:

Det vert i dette avsnittet omtala born med omfattande behov for tilrettelegging. I tillegg til denne mindre elevgruppa vil det kunne vere mange born/elevlar som har behov for mindre tilrettelegging og som også må sikrast vert fanga opp. Slike elevlar med mindre utfordringar som ofte kallast «gråsoner – elevlar» vil kanskje vere vanskeleg å klare og fange opp på eit overleveringsmøte, der det er dei borna med store utfordringar som har fokus. Etter revisjonen sitt syn og ut i frå tilbakemeldingar vil kontaktlærer som følgjer førskulegruppa på fellesaktivitetar kunne ha betre føresetnader for å fange opp slike elevlar og gjere vurderingar både mht. klasse miljø og tilpassa opplæring ved skulestart. Dette for at alle skal få eit tilfredstillande møte med skulekvardagen. Dette er noko ein har sett praktisert i andre kommunar med positive erfaringar.